

Finansråd i Voss herad 25.11.24



Spørsmål og svar til årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

Spørsmål - teknisk

Spørsmål	Svar
I 2024 ble det satt av ein pott på 4 millionar kroner til klimatiltak på heradets egne bygg. Er alle disse pengane brukt opp? Og vil eit eventuelt mindreforbruk overførast til 2025?	I 2024 vart det fyrst budsjettert med å bruka 8 mill.kr til ENØK og flaumtiltak, finansiert med bruk av disposisjonsfond. Dette var fyrst redusert til 4 mill.kr og deretter fjerna heilt i rapport for 2.tertial. Midlar til ENØKtiltak i egne bygg er tatt over driftsbudsjettet i 2024 finansiert med ekstra midlar refundert frå Voss energi. Midlar vert brukt til føremålet i 2024 og det er ikkje planlagt å setja av midlar frå i år til bruk seinare år.
Kor mykje har Voss herad nytta til tiltak for ENØK, energieffektivisering og flaumsikring i 2024, på egne bygg? Om heradsstyret sett av ekstra midlar til slike tiltak i 2025 har ein kapasitet til å gjere ekstra tiltak, utover det som alt er planlagt?	ENØK: Bruk 2024 3,2 mill.kr FLAUM: Hittil i år er det kostnadsført 3,4 mill i drift og vel 153.000 i investering til prosjekt 6577 flaumsikringstiltak utsette bygg.
Treng ein å setja av midlar til jordvernstrategi eller vil dette arbeidet vera inndeckt i driftsbudsjettet?	Voss herad har fått tildelt 250 000 av Landbruksdirektoratet til å utarbeide kommunal jordvernstrategi. Desse midlane vil gå til å dekkje ekstern aktør som skal lage strategien (240 000) og til medverknad (10 000 kr). Prosjektleder er klima og miljørådgjevar Lina Hamre og landbruksrådgjevar Inger marie Hernes. Prosjektledarane sitt arbeid er ein del av deira fagoppgåver og vert dekkja over driftsbudsjettet.

Spørsmål - teknisk

Spørsmål	Svar
Korleis går arbeidet med greie ut moglegheita for å nytte solceller på kommunale bygg og skal ein sjå på potensiale for grunnvassvarme (dette er nytt) på Vangen i det same arbeidet?	Det er lagt solceller på taket på Brynavollen, og er under utgreiing om ein skal leggja på reinseanlegget. Det vert lagt solceller på brannstasjonen. Det vert laga ei eiga energiutgreiing i samarbeid med Voss Energi der spørsmål om ulike energikjelder vert svara ut. Denne er venta våren 2025.
Omsorgsbustadar, korleis går arbeidet med å greie ut behovet og moglegheitene?	Dette er eit kontinuerleg arbeid der me både kartlegg behov og endra behov. Her koplpar me på husbanken som viktig aktør i høve tilskot tilskot. Bustadkontoret som er under oppbygging vil få ei viktig rolle her.
Eigedommar og festeavgifter, korleis går arbeidet med å få oversikt?	Me har stort sett oversikt over eigedomsmassen til Voss herad og Voss kommunale bustadstifting, men vil jobba vidare med kartlegging for å forvissa oss om at alt av eigedomar og festeavgifter er med.



Voss herad

Spørsmål - sosialtenester

Spørsmål	Svar
Kva er sosialhjelpssatsane i Voss, og korleis er dei samanlikna med andre kommunar vi samanliknar oss med.	<p>Einslege: 8220 kr (nasjonale sats: 7850 kr) Ektepar/sambuarpar: 13 740 kr (nasjonale sats: 13100 kr) Person i bufellesskap: 6900 kr (nasjonale sats: 6600 kr) Born 0-5 år: 4020 kr (nasjonale sats: 3850 kr) Born 6-10 år: 4140 kr (nasjonale sats: 3950 kr) Born 11-17 år: 5400 (nasjonale sats: 5150 kr) Lommepengar heimebuande ungdom: 3150 kr Kost og losji: 3150 kr Naudhjelp: 144 kr i dagsats og 72 kr ekstra per medlem i husstanden</p> <p>Dette inngår i livsopphaldssatsen: mat og drikke, klede og sko, hushaldings- og hygieneartiklar, abonnement avis og telefon, transport/bensin, eigenandel på lege og medisin på resept inntil 400 kr. (over 400 kr får ein dekket utanom livsopphaldet). Me betaler i tillegg husleige, straum, barnehage/sfo, fritidsaktivitetar, innbuforsikring, tannlege, briller, depositumgaranti, etablering mm. Våre satsar ligg over dei fleste kommunar. Me er blant dei fem kommunane i landet med høgast livsopphaldssats.</p> <p>Sjå også grafisk framstilling på eignel lysark.</p>
Er sosialhjelpssatsane endra siste år og held dei følge med prisveksten?	<p>Våre satsar er ikkje endra sidan januar 2023 då det vart vedteke av heradsstyret å auke med 20% etter ynskje frå folkevalde og Nav Voss. Me ligg over nasjonale satsar.</p> <p>Me ser at for store barnefamiliar kan det lønne seg å gå på sosialhjelp. Dei får eksempel utbetalt 38 000 til livsopphald, i tillegg betaler me husleige, straum og barnehage/SFO. Barnetrygd blir ikkje inntektberekna. Det betyr at dei sitt igjen 35 - 40 000,- når alle faktura er betalt.</p>



Spørsmål - sosialtenester

Spørsmål	Svar
<p>Kva er kostnadsauken om me aukar sosialhjelpssatsen med til dømes 1000,- kr per måned per brukar?</p>	<p>Pr. oktober i år har me utbetalt 12 680 554kr i livsopphald (husleige, straum mm kjem utanom). Viss me hadde auka satsen med 1000 kr hadde det blitt ein auke på 1 521 660 kr. Det vil seie at me per 31.oktober i år hadde brukt 14 2020 214 kr på livsopphald. Me har per 19. november 447 aktive brukarar i Socio (systemet der me betaler ut sosialhjelp).</p>
<p>I budsjettet er det trekt 1 million kroner frå Sosialtjenester under "Rammeoversikt" og "Vedtak forrige periode". Pop up-teksten visar til at det er forventa ei auke i utgiftene til sosial stønad. Korleis heng dette i hop?</p>	<p>Dette var ei ekstra løyving som vart vedteke av heradsstyret i opphavelog budsjett for <u>2024</u> grunna høg prisvekst. Då låg den inne med ekstra løyving/positivt beløp i 2024 og 0 i 2025. I budsjettet for <u>2025</u> som me no har lagt fram så vert dette synleggjort med eit minusbeløp som forklarar at beløpet er tatt ut av ramma til det tenesteområdet.</p>
<p>I budsjett og økonomiplan er det føreslått å redusera naudhjelpa. Korleis gjer ein dette i praksis? Vert andre satsar auka for å redusera bruken av naudhjelp, eller vil dei som har behov for naudhjelp ikkje få hjelp?</p>	<p>Målet med å redusera naudhjelpa handlar ikkje om satsane. Dei er ikkje endra. Det handlar om førebygging. Me får fleire og fleire som søker naudhjelp, og i fleire tilfelle 2-3 veker før dei får neste løn/trygd. Med vår sats, og spesielt viss dei har barn så kjem då summen på 3000-4000 kr.</p> <p>Naudhjelp skal vere akutt, men me opplever at det er fleire og fleire som betaler gjeld, og søker naudhjelp av oss.</p> <p>Me har fleire verkemiddel me kan nytta. Dei kan få tilbod om rekvisisjon, utbetaling 2-3 gongar i veka, og viss det gjentar seg over tid, og ein ikkje tar til seg rettleiing, vil me gå for tvungen forvaltning.</p> <p>I fleire tilfelle går me vekk frå satsen viss den blir høg, og gjer ei konkret individuell vurdering på kva vedkommande/familie kan klare seg på til neste utbetaling.</p>



Spørsmål – kultur og fritid

Spørsmål	Svar
Redusera ordinær gebyrsats i kulturskolen (25% eller 50%), kva vil det koste? Er det behov for fleire gratis plassar?	Kulturskolen tek samla sett inn nær 1,5 million kroner i eigendelar/gebyr. Dersom dei vert redusert til 75 % vil det verta redusert til 1,1 million kroner. Med 50 % reduksjon vil det bli 735 000 kroner. Behovet for gratis plassar er truleg større. Men i dag dekker vi nær alle søknadane om fri plassar.
Eit ynskje om å få opp ei sak om kvar heradsstyret vil med kulturskolen. Kva skal ein satsa på av fordjupingsprogram, desentralisert tilbod, kapasitet på dei ulike tilboda, satsing på supergruppo og liknande. Bør dette koma som eit verbalpunkt?	Me skriv gjerne ei sak om kulturskolen våren 2025 som omhandlar alle sidene ved kulturskuledrifta, også med ulike betalingsmodellar.
Tidlegare har heradsstyret/ungdomsrådet sett av kr 500 000 til prosjekt sommarjobb. Har dette vore tilstrekkeleg for å gjennomføra prosjektet? Kor mykje treng ein for å utvide prosjektet til å vera jobb for unge heile året?	Prosjektet har gått i to år og er svært vellukka. Det var gjort ei evaluering i 2023, og på bakgrunn av denne vart prosjektet vidareført i 2024. Ungdommane får tilbod om 2-3 vekers arbeid i omsorg, barnehage og grøn etat. Det har vore ei god læringsarena for ungdommane, har tenestene gjeve gode tilbakemeldingar på tiltaket. Det vart løyvd 300 000 kroner årleg (sak1034/22). Det er eit større behov både hjå ungdommane og i tenestene enn me har midlar til i tiltaket. Rådmannen vurderer det slik at det er viktigare å utvida sommartilbodet enn å utvida til å gjelda heile året då dette gjeld ungdommar som er under 18 år.
Kirkevergen anslår kr130.000 eks mva pr kirke. Evanger og Granvin står øverst på listen. Videre er det ønskelig for Vinje, Oppheim og Vangskirke. Strømkostnad for Evanger er nå på 50-60.000 pr år og mye (halvparten?) forsvinner gjennom taket. Da er inntjeningstiden ca 5-6 år.	<i>Innspel</i>

Spørsmål – barnehage

Spørsmål	Svar
Barnehagetilbodet. Kan det vera aktuelt å stenga barnehagane lengre rundt feriar, t.d. sommareferien? Kva er eventuelt kostnaden ved å ikkje gjennomføra dette tiltaket?	<p>Det kan vera aktuelt, men ikkje bestemt endå. Ein del barnehagar ynskjer sjølv å kartlegga behov for opningstid og vil truleg korta ned på opningstida i 2025.</p> <p>Barnehagane er no stengd to veker om sumaren, jolaften og nyttårsaften.</p> <p>Tidelegare hadde me to veker om sumaren i tillegg til i romjola og dagane før påske. Innsparinga for å utvida ferien er om lag 100 000 kr</p>
I budsjettet til barnehagane er det lagt opp til 1 million kroner i innsparing. Korleis, eller til kva, er disse pengane tenkt spart?	<p>Etter gjennomgang av stillingsbudsjettet vart det lagt inn ei reduksjon i dei barnehagane som ein såg rom for det. Dette er i utgangspunktet tenkt realisert med reduserte lønsutgifter. Dette kan oppnås med noko reduserte opningstider, reduksjon i tal møter, redusera innkjøp av utstyr og redusera lønsutgifter der drifta tillet det. På sikt kan samlokalisering vera med å redusera lønsutgifter ved at ein kan ha betre løysingar for vikarhandtering og bemanning generelt.</p>



Spørsmål – barnehage og skule

Spørsmål	Svar
<p><i>"Det er mange skoler som har behov for både mindre og større oppgraderinger. I økonomiplanperioden 2025–2028 er det minst fire skoler som har behov for større oppgraderinger og rehabilitering. Oppgradering per skole anslås i snitt til å ligge på 30 millioner kroner. «</i></p> <p>Spørsmål: Hvilke fire skoler er dette?</p>	<p>Gullfjordungen, Skulestad, Bjørgum og Evanger, men dei fleste skular har oppgraderingsbehov.</p>
<p>Det foreslått 100 millioner kroner til investering i skoler i 2028. Det er redegjort for at det er behov for 120 millioner i perioden 2025–2028 bare for å opprettholde status quo, altså uten å modernisere klasserommene.</p> <p>Spørsmål: Kan administrasjonen gi en ytterligere redegjørelse for hvordan og hvor disse midlene er tenkt brukt, eller hvilke scenarier som vurderes?</p>	<p>Dette heng saman med heilskapleg utgreiing som skal gjerast av areal og eigedomar me har i dag strategi for kva me skal ha og bruka i framtida. Det er sannsynleg at utgreiingane vil resultera i at me må gjera større investeringar i framtida. Dette kan vera både rehabilitering av eksisterande bygg eller nybygg. Dette vil bli meir klargjort i neste økonomiplan.</p>
<p>Regjeringens forslag til statsbudsjett for 2025 inkluderer en reduksjon på 400 millioner kroner i støtte til trykte læremidler. Ansvar for innkjøp av trykte læremidler overføres til kommunene.</p> <p>Spørsmål: Er det satt av tilstrekkelige midler til investering i trykte læremidler i rådmannens budsjettforslag for 2025? Har elever og lærere i Voss herad tilstrekkelig tilgang til trykte læremidler, eller bør budsjetttrammen økes for å dekke behovene?</p>	<p>Dei siste åra har Voss herad fått ekstra midlar frå Udir til læremidlar og løyvd eigne midlar. I 2022 vart det løyvd 3 mill.kr innan driftsbudsjettet og 1 mill.kr i 2023. I 2023 fekk me også 364 029 kr i tilskot frå Udir, og tilsvarande 976 278 kr i 2024. Det ordinære budsjettet på lærebøker i grunnskulane er nær 2,2 mill.kr i 2025 og nær 1 mill i anna aktivitetsmateriell. Rekneskapen på lærebøker var på nær 1,7 mill i 2021, og har meir enn dobla seg åra etter. Truleg er mykje av trykte læremidlar etter ny opplæringsplan kjøpt inn, men budsjettposten kan også vera noko knapp.</p>

Spørsmål – helse og omsorg

Spørsmål	Svar
<p>I investeringsbudsjettet er det satt av 1 million kroner til Aktivitetshus. Kva er denne millionen tenkt å bli brukt til? Vi ønsker også å minne rådmannen på at dette heradstyret ikkje har høyrte om kva Aktivitetshuset er tenkt brukt til og det framstår ikkje klart nokon stad kva dette skal bli.</p>	<p>Dette er midlar til forprosjekt, ei utgreiing der ein vurderer moglege alternativ til eit slikt hus. Eit slikt hus er tenkt nytta til ulike aktivitetar innan helse og omsorg. I fyrste omgang må det kartleggast moglegheiter for samlokalisering og kva bygg som kan vera aktuelle. Det er behov for å bruka noko eksterne konsulentar til dette. I skildring av tiltaket i budsjettframlegg ligg teksten: «aktivitetar og tenester er til dømes omsorgsbustadar, ergoterapi, fysioterapi, dagtilbod, arbeidstilbod, friskliv, visningsrom for velferdsteknologi. Tanken er eit bygg som kan ha fleirbruk «heile døgnet» for mange grupper».</p>



Spørsmål – diverse

Spørsmål

Avtakking av pensjonistar. Har me kontroll på dei pensjonistane som ikkje har fått avtakking sidan 20221 eller er det behov for å rydda opp? Det har vore ei sak som har vore belastande for Voss herad at det kom fram at det var nokre pensjonistar som ikkje har fått avtakking etter endringa som vart gjeldande frå 1.1.21. Det vil vera fyrste moglegheit til å gjera ei total opprydding og synleggjera at endringa i reglementet vårt var gjeldande i frå 2021 om administrasjonen meiner det kan dreia seg om fleire pensjonistar som enno ikkje har fått avtakkinga si.

«Styregodtgjersle for 2025 skal vera likt for Voss Energi som i 2024, resten av styregodtgjerslene skal tilpassast arbeidsmengd og ansvar forholdsmessig til Voss Energi si styregodtgjersle. Heradsstyret ber rådmann koma tilbake med ei tilråding i forkant av generalforsamlingane i 2025 for kva styregodtgjerslene for dei resterande selskapa bør liggja på.» Er det noko som bør endrast i dette verbalpunktet, eller er det tydeleg slik det ligg føre?

«Heradsstyret ber om at rådmannen kjem attende med ei sak som gjer greier for det beste organiseringa av Vossabadet og Idrettshallen.» Er det noko som bør endrast i dette verbalpunktet, eller er det tydeleg slik det ligg føre?

Svar

Straks saka var i media, vart det sendt ut påminning til alle leiargruppene, der dei vart bedne om å ta ein gjennomgang av retningslinjene.

Retningslinjene ligg både i kvalitetssystemet Compilo og på heradet sine heimesider.

Det er ikkje grunnlag for å mistenka at det er fleire som ikkje har fått gåve ved avtakking av pensjonistar.

Rådmannen vil kome attende med tilråding, i tråd med vedtak knytt til spørsmålet.

Om denne bestillinga vert vedteken, vil rådmannen kome attende med sak og tilråding. Dersom det er spesielle tema/fokus som ønskes vektlagt, kan det gjerne nemnast (økonomi, styring/kontroll anna).

Spørsmål – klima og miljø

Spørsmål

Hva skal til for å sikre en fullstendig oversikt over hvordan økonomibudsjettet bidrar til å redusere klimagassutslippene i heradets egen drift? Er det satt av tilstrekkelige midler i rådmannens forslag til vedtak for å fullføre klimabudsjettet, slik det ble politisk besluttet for fem år siden

Er det nødvendig å prioritere økte ressurser og sette av egne driftsmidler for å sikre fremdrift i klimabudsjettet?

Vil rådmannens forslag til vedtak for 2026 inkludere et klimabudsjett som tydelig viser hvordan heradets økonomibudsjett bidrar til å redusere klimagassutslippene med 12,5 % i løpet av året?

Svar

Auka kompetanse om korleis rekna ut dette i mange ledd og fagområde, tilgjengelege data og at dette brukt tid på. Dette er eit svært omfattande arbeid. Rådmann tilrår at det vert prioritert å bruka eigne ressursar på realisera mål i Vossaklima 2030.


Det kan argumenterast både for og i mot om rådmannen brukar nok ressursar på å fullføra klimabudsjett. Kapasitet i administrasjonen har vore noko avgrensa siste året. Arbeid med klimabudsjett vil styrkast framover ut i frå eigen kapasitet og tilgjengeleg kunnskap på feltet. Voss treng også at større kommunar står i front i dette arbeidet for å utarbeida metodar og verktøy.

Ja. Rådmannen har likevel laga sitt budsjettframlegg ut i frå at me treng å få kontroll på ressursbruk i tenesteområda før me kan gjera større satsingar.

Rådmannen tek dette med som eit innspel til vidare arbeid.


Oversikt over netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar for Voss og samanliknbare kommunar

Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger (B)



	2020	2021	2022	2023
Voss herad	3 031	3 335	4 097	6 335
Kinn	3 221	3 035	3 603	5 339
Stord	2 594	2 646	2 773	3 803
Aurskog-Høland	2 122	1 783	2 666	2 901
Kostragruppe 07	2 717	2 717	3 274	4 500

Oversikt over brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar for Voss og samanliknbare kommunar



Vegen vidare med budsjett og øk.plan

- Økonomiplan og årsbudsjett må vedtas før årsskiftet
- Formannskapet gjer innstilling til vedtak
 - Skal gjerast offentleg minst 14 dagar før heradsstyret si behandling
 - Tillitsvalde og vernesida kan gje uttale til budsjett og økonomiplan

Dato	Oppgåve
25.oktober	Utsending budsjettframlegg til Formannskapet
November	Arbeid med budsjett i Formannskapet og råd
7.november	Arbeidsmøte i Formannskapet
25.november	Budsjettframlegg vert lagt ut på høyring frå Formannskapet
Fyrste veka i desember	Handsaming i kommunale råd
17.desember	Behandling i Voss heradsstyre



Voss herad

Økonomisk status per 25.november 2024

Rapportering økonomisk status

- Legg fram budsjettregulerings sak til handsaming i desember
- Dersom budsjettreguleringar vert vedteke og prognose slår inn → positive 22 mill.kr i netto driftsresultat

Tenesteområde	Prognose for avvik ved årsslutt (i 1000 kr) , ved 2.tertial	Prognose for avvik ved årsslutt (i 1000 kr), november 2024	Framlegg til budsjettauke som vil handsamast i heradsstyret 17.12.24	Ny prognose i tenesteområda
Administrasjon og leing	800	800		800
Plan, næring og forvalting				0
Samferdsel	-450	-450		-450
Eigedom og bustad				0
Brann og ulukkesvern	-400	-400		-400
Vatn, avlaup og renovasjon				0
Politisk styring	300	300		300
Finansielle postar/økonomi				0
Grunnskule	-7 500	-8 250	3650	-4 600
Barnehage	-3 000	-6 000	1500	-4 500
Barne- og familietenestene	-10 500	-1 500	500	-1 000
Helse	-5 000	-4 000	1000	-3 000
Omsorg	-8 000	-17 000	6000	-11 000
Sosialtenester		0		0
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)				0
Sum	-33 750	-36 500	12 650	-23 850
		Denne oversikta vart vist for finansråd 7.11.24		
Netto driftsresultat (1000 kr)	45 977	9 477		22 127